



ÅRSMELDING
2022



Ansvarleg for årsmeldinga: Brynjulf Stige
Ansvarleg for vedlegg 2: Svitlana Kolesnyk
Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 3: Liv Gunnhild Qvale
Ansvarleg for vedlegg 4: Kristianne Ervik / Polyfons erfaringspanel

Fråskrivning: Årsmeldinga har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Forfattarane av årsmeldinga er eineansvarlege for presentasjon og tolking av dei utleverte opplysningane. Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

Alle framsidefoto ved: Jonas Johannessen Eian

- Oppe til venstre: Lars Tuastad (UiB) i bandet Opplett under Polyfon-konferansen 2022.
- Midten til høgre: Jorunn Bakke Nydal (Kinn kommune) under Polyfon-konferansen 2022.
- Nede til venstre: Ruth Grung (byråd i Bergen) var konferansier under Polyfon-konferansen 2022.

Årsmeldinga vart godkjend i Polyfons styringsgruppemøte 27. september 2023.

Frode Thorsen (Universitetet i Bergen), Mads Hagebø (Bergen kommune), Silje Vignæs (Betanien Sykehus), Randi-Luise Møgster (Helse Bergen), Kari Lise Vangsnes Dybdahl (Helse Fonna), Anne-Grethe Naustdal (Høgskulen på Vestlandet), Janiche Buanes Heltne (NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus), John Harald Kaspersen (NORCE), Astrid Kvalbein (Noregs musikkhøgskole), Per Morten Ekerhovd (Vestland fylkeskommune/ Partssamarbeid Vestland), Kristianne Ervik (Polyfons erfaringspanel).


Forord

2022 var eit spesielt år i klyngas historie. Det var eit år då vi litt om litt kunne arbeide oss ut av dei avgrensingane pandemien hadde sett, og ikkje minst var 2022 det året då klynga vart etablert som ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur. Årsmeldinga som følgjer viser høg aktivitet, både når det gjeld tenesteutvikling, forskning, utdanning og formidling. Gradvis tar vi steg i den retninga klyngas hovudmål peikar: kunnskapsinformerte musikkterapitilbod vert meir tilgjengelege, på ein meir likeverdig måte.

Etter seks prosjektår og eitt interimsår er det mange å takke for at vi er komne dit vi er i dag. Det er snakk om så mange – både brukarar, fagfolk og leiarar – at det ikkje nyttar å nemne namn. Eit heilt spesielt unntak vil vi likevel gjere: Spesialrådgjevar Geir Lien i Divisjon psykisk helsevern ved Haukeland universitetssjukehus gjekk i mai 2022 av som styringsgruppeleiar for Polyfon, etter mange år i den rolla. Geir har vore ein viktig aktør i klyngesamarbeidet heilt sidan dei første sonderingane i 2013. Han har på nært hald følgd musikkterapiens og klyngas utvikling dei siste åra. Hans eigen innsats har spelt ei ikkje heilt lita rolle i denne prosessen. Geir har vore ein dialogorientert ambassadør for musikkterapifeltet, noko som har bidratt til å bygge den samarbeidskulturen som kunnskapsklynga i dag representerer. Vi takkar Geir varmt!



Randi-Luise Møgster
Styringsgruppeleiar



Brynjulf Stige
Klyngeleiar

Innhold

Forord	3
Samandrag	5
1 Tenesteutvikling	6
Klyngeaktivitet	6
Indikatordata	7
Vurderingar	8
2 Forsking	9
Klyngeaktivitet	9
Indikatordata	11
Vurderingar	12
3 Utdanning	13
Klyngeaktivitet	13
Indikatordata	14
Vurderingar	15
4 Formidling	16
Klyngeaktivitet	16
Indikatordata	17
Vurderingar	17
5 Føresetnader og føringar	18
Samhandling innanfor klynga	18
Nasjonal og internasjonal samhandling	19
Samfunns- og kunnskapsbehov	19
Vedlegg 1: Generelt om kunnskapsklynga Polyfon	20
Vedlegg 2: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2022	21
Vedlegg 3: Polyfon-relaterte vitskapelege publikasjonar i 2022	22
Vitskapelege publikasjonar frå Helse Bergen / Haukeland universitetssjukehus	22
Vitskapelege publikasjonar frå Høgskulen på Vestlandet	22
Vitskapelege publikasjonar frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus	22
Vitskapelege publikasjonar frå Noregs musikkhøgskole	23
Vitskapelege publikasjonar frå NORCE (GAMUT)	24
Vitskapelege publikasjonar frå Universitetet i Bergen (GAMUT)	24
Vedlegg 4: Årsrapport 2022 fra Polyfons erfaringspanel	26

Samandrag

Kunnskapsklynga Polyfon arbeider for at musikk som helseressurs skal takast i bruk i heile landet, på ein brukarorientert og kunnskapsinformert måte. I 2022 vart klynga etablert som ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur. Det er høg aktivitet i klynga, der indikatordata peikar på fleire samfunnseffektar i tråd med klyngas målsetjingar. Årsmeldinga er organisert etter dei fire delmålsetjingane som var gjeldande for klynga i 2022, knytt til 1) Tenesteutvikling, 2) Forsking, 3) Utdanning og 4) Formidling.

I kapittel 1 om tenesteutvikling, vert det m.a. framheva at det er ein ny giv i praksisfeltet innan nevro-rehabilitering. Eit fagnettverk for dette feltet vart etablert i 2022, etter initiativ frå Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering ved Haukeland universitetssjukehus. Nettverket er også i dialog med fleire forskarar på feltet. I indikatordelen av kapittelet om tenesteutvikling vert data frå Norsk pasientregister (NPR) lagt fram, med ei grafisk framstilling av tal pasientar som i perioden 2016-2022 er registrerte med kode for musikkterapi i spesialisthelsetenesta i dei fire helseregionane. I Helse Midt og Helse Nord er det stabilt svært låge tal. I Helse Sør-Øst og særleg i Helse Vest har det vore ein klar vekst i tilbod sidan 2016. Veksten har stogga noko opp i Helse Sør-Øst dei siste åra, men har halde fram i Helse Vest. Tala peikar på to faktorar som ser ut til å fremme implementering i ein region. Det å ha ei musikkterapiutdanning i regionen er i seg sjølv positivt for implementering og praksisutvikling. I tillegg ser vi at Polyfon-samarbeidet på ein ganske markant måte styrkar og held ved like denne effekten. Slik har klynga ein direkte effekt på pasientane sin tilgang til musikkterapienester. Dette er ein viktig samfunnseffekt, relatert til klyngas hovudmålsetjing. Det blir difor ei viktig oppgåve å spreie arbeidsmåtar og klyngedeltaking til fleire regionar i landet.

Kapittel 2 om forskning viser at det er ein vekst i publikasjonar frå klyngedeltakarane, og at fleire klynge-deltakarar enn tidlegare publiserer innan fagområdet musikkterapi / musikk og helse. Ikkje alle publikasjonane spring direkte ut av Polyfon-samarbeidet, men klyngas bidrag til utviklingsøkologien på dette feltet er tydeleg og handlar m.a. om a) støtte til utvikling av nye praksisrelaterte prosjekt, b) auka brukarmedverknad i forskning, c) styrkt samhandling mellom akademia og tenester, og d) betre tverrfaglege forskingsrelasjonar.

I kapittel 3 om utdanning vert det m.a. vist til at Polyfon i aukande grad har etablert seg som ei kontaktflate mellom dei to norske utdanningane i musikkterapi. Ei felles utfordring er rekruttering. Søknaden har vore stabil dei siste åra, og begge utdanningane rekrutterer dyktige studentar, men det er ønskjeleg med eit løft i søkjartala med tanke på behovet for framtidig utviding av nasjonalt utdanningskapasitet. I åra framover vil det vere naturleg å sjå på om Polyfon kan bidra på dette området på nye måtar.

I kapittel 4 om formidling vert m.a. Polyfons arbeid med ny nettside framheva, og også Polyfons deltaking i eit nasjonalt samarbeid om å produsere seks nye informasjonsfilmar om musikkterapi, psykisk helse og rus.

I det avsluttande kapittel 5 vert det peika på at den nasjonale profilen som er etablert for klynga har medført auka bruk av digitale samhandlingsreiskapar og dessutan at det strategiske samarbeid med ulike regionale og nasjonale kompetansmiljø er styrkt i 2022. Utfordringsbildet for den norske velferdsstaten er ein del av bakteppet for Polyfon-samarbeidet, og styringsgruppa bestemte i 2022 at det i 2023 skal utarbeidast ein ny strategi for klynga.

1 Tenesteutvikling

Klyngas hovudmål er «Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det». Arbeid med dei 4 delmåla skal vere med på å realisere hovudmålet, og delmål 1, om tenesteutvikling, er: *Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte*. I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2022, under overskriftene *Klyngeaktivitet*, *Indikatordata* og *Vurderingar*.

Klyngeaktivitet

Dei fleste klyngedeltakarane er framleis i ein fase der det å byggje opp fleire musikkterapistillingar er ein viktig føresetnad for tenesteutvikling. Vi kan nemne to eksempel, eitt frå spesialisthelsetenesta og eitt frå kommunesektoren: 1) Helse Førde fekk i 2022 tilsett musikkterapeut i ei ny, fast stilling ved Psykiatrisk klinikk. Som både Helse Bergen og Helse Fonna, arbeider Helse Førde med å utvikle musikkterapi som ein systematisk og integrert del av psykisk helsevern. 2) Ved Bergen kommune sitt kompetansesenter for demens er det bygd opp eit godt fagmiljø i musikkterapi. Kompetansesenteret auka satsinga innan musikkterapi i 2022 og lyste ut ei ny, fast stilling for musikkterapeut.

Av utviklingsarbeid og kvalitetssikring kan vi nemne Bergen kommune sitt arbeid med å utvikle ein app for registrering av musikkterapitilbod i ulike alle aktuelle byrådsavdelingar. Initiativet er tatt av seniorrådgjevar Rune Tjøsvold i Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester. Målet med appen er å få betre oversikt over aktuelle tilbod, både med tanke på samarbeid mellom etatar / sektorar og vidare utvikling av tenestene. Det er venta at appen vil vere klar for utprøving i 2023.

2022 vart også eit år der «nye» praksisområde vart meir synlege og betre organiserte. Eitt døme er musikkterapi og nevrorehabilitering, som er mindre utbygd i Noreg enn i mange andre land. Fleire musikkterapeutar i Bergensregionen er likevel involverte i ulike former for utviklingsarbeid på dette området, ofte i samspel ved forskarar ved UiB, NORCE og HVL. Våren 2022 vart eit fagnettverk for vidare utvikling av musikkterapi og nevrorehabilitering etablert, etter eit initiativ frå Elise Marie Angeltveit, musikkterapeut ved Avdeling for fysisk medisin og rehabilitering ved Haukeland universitetssjukehus.

Brukarmedverknad i utvikling av tenestetilbod er eit viktig prinsipp i Polyfon-samarbeidet. Dette gjeld også for ulike oppfølgingstilbod etter behandling i klinikken. I april 2022 var det skipingsmøte for Gjenklang som ideell organisasjon. Øystein Lydvo vart valt som styreleiar og Gro Oma Fanebust, Bjarte Johansen og Lars Tuastad som styremedlemer. Gjenklang-konseptet spring ut av ein tretrinnsmodell, der ein i tillegg til musikk som behandling og oppfølging også aktivt legg til rette for musikk som kulturtilbod og eigenaktivitet.




Polyfon-konferansen er ein arena der tenesteutvikling vert presentert og diskutert. Her ser vi Kjersti Tingelstad og Olaug Sandve under 2022-konferansen, der dei presenterte erfaringar med implementering av musikkterapi i eldreomsorga i Karmøy kommune. Foto: Jonas Johannessen Eian.

Dersom kunnskapsklynga Polyfon skal nå målet sitt om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for brukarar som ønskjer og treng det, må musikkterapi skrivast inn på ein systematisk måte i aktuelle planar i kommunar og helseføretak. Polyfons arbeidsgrupper innan ulike arbeidsområde skapar rom for å dele informasjon om og erfaringar med denne type arbeid.

Indikatordata

Som tidlegare år, har Polyfon for 2022 søkt Norsk pasientregister (NPR) om opplysningar om spesialisthelsetenesta sin bruk av prosedyrekodar for musikkterapi. Prosedyrekoden «IBBE00» finst i NPR-data frå og med 2016. Frå og med 2019 gjeld prosedyrekode «IBBE10» for individuell musikkterapi og frå og med 2020 også prosedyrekode «IBBE20» for gruppebehandling gjennom musikkterapi. Helseføretaka er pålagde å bruke desse kodane for døgnbehandling og poliklinisk behandling.

Bruk av kodane dukkar som tidlegare år opp i data frå sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne. Nytt for 2022 er at det også føreligg data for rehabilitering. Figur 4.1 viser bruken for perioden 2016-2022, fordelt mellom dei fire helseregionane i landet.



Figur 4.1: Tal pasientar i spesialisthelsetenesta som i perioden 2016-2022 er registrerte med kode for musikkterapi i sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), psykisk helsevern for vaksne og rehabilitering. Kjelde: Norsk pasientregister, som skriv frå seg ansvar for bruk og fortolking av data.

Både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest har det vore ein klar vekst sidan 2016, sjølv om veksten i Helse Sør-Øst flata av etter 2020. I Helse Midt og Helse Nord er prosedyrekodane brukte svært lite, sjølv om det har vore ein liten vekst i Helse Midt.

Vi presiserer at det må takast høgde for feilmarginar i tala, då det kan vere tilbod som ikkje vert registrerte med rett kode. Kanskje slår dette meir ut der musikkterapi er minst etablert, altså i Midt-Noreg og Nord-Noreg. Elles må vi sjølvstapt justere for folketal i kvar region. Dersom musikkterapi var like tilgjengeleg i alle regionar, skulle t.d. Helse Sør-Aust si søyle vere tre gonger så høg som Helse Vest si, medan ho altså er lågare.

Vurderingar

Indikatordata for tenesteutvikling er altså førebels avgrensa til tal for spesialisthelsetenesta. Nasjonale tal for omfanget av musikkterapitilbod i kommunal sektor finst førebels ikkje. Ut i frå den kontakta vi har med kommunane, antar vi at mønsteret her ikkje er heilt ulikt det ein ser for spesialisthelsetenesta. Det er vekst og utvikling i tilbod, men det går ikkje veldig fort og det er store skilnader mellom ulike geografiske regionar.

Skilnaden mellom tilboda i Helse Sør-Øst og Helse Vest på den eine sida og Helse Midt og Helse Nord på den andre, tyder på at det å ha musikkterapiutdanning i ein region fremmer implementering.

Tala for spesialisthelsetenesta viser altså at utviklinga går raskare i Helseregion Vest enn i nokon annan region. Helseregion Vest er førebels den einaste regionen der det meste av spesialisthelsetenesta deltek i klyngesamarbeidet. Dette tyder difor på at det systematiske samarbeidet i Polyfon styrker og held ved like effekten av å ha musikkterapiutdanning i ein region og bidreg til at fleire av dei som ønskjer og treng det får tilgang til musikkterapi. Det er sannsynleg at ein slik effekt skuldast fleire faktorar, m.a. at klyngesamarbeidet stimulerer til leiarforankring av implementerings-prosessar, til styrkt brukarmedverknad og til erfaringsdeling aktørar i mellom. Kort sagt: klynga bidrar til samskaping.

Dei positive erfaringane frå Helseregion Vest peikar i retning av at det er ei viktig oppgåve å prøve å spreie arbeidsmåtar og klyngedeltaking til fleire regionar i landet.



Erfaringsperspektivet er særst viktig i dei samskapingssjessane som må til for å byggje opp likeverdige tilbod i heile landet. Bildet viser medlemmar frå Polyfons erfaringspanel i sving under Polyfon-konferansen 2022. Foto: Jonas Johannessen Eian.

2 Forsking

Klyngas delmål 2, om forskning, er: *Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonalt standard.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2022.

Klyngeaktivitet

Polyfon lyser ut midlar til forskingsstøtte to gonger i året, med søknadsfristane 1. februar og 1. oktober. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på. Følgjande forskingsprosjekt fekk støtte frå Polyfon i 2022:

- Felicity Baker og Kjersti Johansson (CREMAH, Noregs musikkhøgskole) fekk kr. 119 000,- til prosjektet «Professional carers' experiences of music therapy with delirium and dementia patients in an acute geriatric hospital ward (PROCARE): exploring the environmental impacts».
- Daniel Steinsbø Garcés (MO-Eidsvåg, Bergen kommune) fekk kr. 25 000,- til prosjektet «Fra gate til plate. Studioinnspilling som virkemiddel for mestring og recovery for personer med rusmiddelavhengighet».
- Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB) fekk kr. 40.000,- til prosjektet «Praksis i musikkterapiutdanning. En kvalitativ studie om alumnistudenters erfaringer».
- Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB) fekk kr. 30 000,- til eit forskingsseminar som kan byggje føresetnader for prosjektet «Musikk og deltakelse i barnevernet – musikk som ressurs i formelle og uformelle beslutningsprosesser knyttet til ettervernet».
- Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB) fekk kr. 30 000 til følgjeforskningsprosjektet «Musikkterapi i arbeid med unge flyktningar fra Ukraina – den første fasen av etablering i nytt mottakerland».
- Geir Olve Skeie (Haukeland universitetssjukehus) og Kjetil Vikene (Det psykologiske fakultet, UiB) fekk kr. 100 000,- til prosjektet «Trommeintervensjon / Parkinsons sjukdom».



Kariette Stensæth under konferansetalkshowet under Polyfon-konferansen 2022. Stensæth er leiar for forskingssenteret CREMAH ved Noregs musikkhøgskule. CREMAHs deltaking i Polyfon bidreg til å styrke den nasjonale og internasjonale forankringa av klyngesamarbeidet. Foto: Jonas Johannessen Eian.

Vidare lyser klynga ut midlar til sommarstipend for musikkterapistudentar, med søknadsfrist 1. februar. Kunnskapsklynga kunne i 2022 dele ut eitt nytt sommarstipend: Synne Måsvær Halle, student ved det femårige musikkterapistudiet ved Griegakademiet, UiB, fekk eit sommarstipend frå Polyfon på kr. 40 000,- til prosjektet: «Stemmebruk i møte med mennesker med pustevansker – Et scoping review». Mange personar med pustevanskar opplever dårleg livskvalitet, og meistring gjennom song kan vere positivt og viktig for denne pasientgruppa. Det manglar likevel ein heilskapleg oversikt over kunnskapen om bruk av song og stemme i møte med pustevanskar. Synnes prosjekt handlar nettopp om å utarbeide ein «sonderande oversiktsartikkel» (scoping review) for dette feltet. Rettleiar er professor Claire Ghetti.



Musikkterapistudent ved UiB, Synne Måsvær Halle, fekk i 2022 eit sommarstipend om stemmebruk i møte med menneske med pustevanskar. Foto: Privat.

I tillegg desse utlysingane av forskingsstøtte og sommarstipend, arbeider klynga på meir overordna vis med å bidra til utvikling av robuste utviklingsøkonomiar for forskinga. Klynga arrangerer m.a. ulike forskingsrelaterte webinar og seminar og gjev rådgeving om prosjektutforming m.m. Verdien av å styrke brukarmedverknad i forskning er understreka i klyngas retningslinjene for forskingsstøtte, og Polyfon bidreg dessutan til styrkt samhandling mellom academia og tenester.

Samfunnseffekten av klyngas arbeid med dette blir truleg forsterka av at Polyfon samlar dei fremste fagmiljøa i musikkterapi i Noreg. Begge dei to norske forskingssentera for musikkterapiforskning, CREMAH ved Noregs musikkhøgskole og GAMUT ved UiB og NORCE, ligg begge langt framme i den internasjonale forskingsfronten i faget. I tillegg deltek ein fjerde akademisk institusjon i samarbeidet, nemleg Høgskulen på Vestlandet, der det er fleire forskarar i fleire fag som arbeider med tverrfaglege problemstillingar knytt til musikk og helse. Også i fleire av kommunane og helseføretaka i klyngesamarbeidet vert det initiert og gjennomført relevant og viktig forskning på feltet.

Dette siste er eksemplifisert av psykologspesialist Kristine Gustavsen Madsø sitt doktorgradsprosjekt. Madsø – som til dagleg arbeider som psykologspesialist ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus – disputerte 4. mars 2022 for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen, med avhandlingsarbeidet [Momentary well-being in dementia: Observational assessment of psychosocial interventions and music therapy](#). Avhandlingsarbeidet er praksisnært og samfunnsrelevant, og tar utgangspunkt i behova til heimebuande personar med demens og deira pårørande. Det er snakk om kunnskapsbehov identifisert ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus, eitt av fem helseføretak som er med i Polyfon-samarbeidet. Madsø har aktivt brukt Polyfons verkemiddel, både i utvikling og formidling av prosjektet. Ph.d.-prosjektet hennar fokuserer på korleis personleg tilpassa musikkterapi kan fremme positive emosjonar og støtte sosiale samspel hjå heimebuande personar med mild til moderat demens. Madsøs forskingsinformerte engasjement for praksisfeltet kjem tydeleg fram i ein kronikken ho har publisert saman med rettleiaren sin, professor Inger Hilde Nordhus: [Musikkterapi virker på demens og må bli mer tilgjengelig \(forskersonen.no\)](#).

Musikkterapifeltet er framleis såpass nytt og ungt i Noreg at kvar einaste disputas er eit vesentleg løft. Også ved Noregs musikkhøgskole var det ein disputas innan musikkterapifaget i 2022: Den 1. mars disputerte Gisle Fuhr med ei avhandling som bidreg med ny innsikt om musikkterapi innan barnevernsfeltet: ['I don't think of you as a therapist, you know': exploring relationships between adolescents and music therapists in the child welfare services](#). Også dette er eit praksisnært og samfunnsrelevant prosjekt. Fuhrs avhandling utforskar korleis ungdommar og musikkterapeutar i barnevernet opplever og snakkar om sin samarbeidsrelasjon, der resultatane m.a. viser at mange av ungdommane opplever at musikkterapi gjev dei ei oppleving av noko ekte, med aksept og respekt, som dei stundom kan sakne i andre relasjonar.



Kristine Gustavsen Madsø, psykologspesialist ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus disputerte i 2022 ved Universitetet i Bergen på ei avhandling om musikkterapi og demens. Foto: Ingvild Festervoll Melien.

Indikatordata

Indikatordata omfattar her søknadssummar, tildelingar og publikasjonar.

Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 for Polyfons utlysingar av midlar til forskingsstøtte kjem fram av tabell 2.1. Søknader er vurderte av ein ekstern komité med erfarne forskarar med professorkompetanse.

Såkorndmidlar/år	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Søknadssum	450.900	228.200	513.300	375.000	270.000	515.000	770.250	1.045.675
Innvilga sum	250.900	228.200	280.000	375.000	210.000	515.000	495.250	464.000
Tal søknader	7	2	7	4	4	8	14	11
Tal tildelingar	6	2	5	4	3	8	10	6

Tabell 2.1: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons prosjektmidlar (såkorndmidlar) 2015-2022.

Polyfon har dei fleste åra lyst ut 4 sommarstipend for musikkterapistudentar, men søknadsmengda har variert noko frå år til anna. Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 går fram av tabell 2.2:

Sommarstipend/år	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Søknadssum	84.000	144.000	144.000	0	126.000	36 000	180.000	120.000
Innvilga sum	84.000	144.000	144.000	0	126.000	36 000	180.000	40.000
Tal søknader	2	4	4	0	3,5	1	5	3
Tal tildelingar	2	4	4	0	3,5	1	5	1

Tabell 2.2: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons sommarstipend for studentar 2015-2022.

Utlyste midlar til forskingsstøtte og sommarstipend skal ha ein såkorndfunksjon. Aktiviteten i klynga bidreg difor til publikasjonar både direkte og indirekte, ved at det kjem publikasjonar ut av dei prosjekta som får støtte og ved at desse prosjekta ofte bidreg til realisering av større forskingsprosjekt som genererer nye publikasjonar. Tabell 2.2 gjev oversikt over publikasjonar innan musikkterapi / musikk og helse i 2022, der desse publikasjonane i større eller mindre grad vil vere relaterte til klyngesamarbeidet.

År	2019	2020	2021	2022
Vitskaplege publikasjonar	18	18	33	39

Tabell 2.3: Tal unike vitskaplege publikasjonar i klyngesamarbeidet i 2019-2022.

Tala for publikasjonar har gått vesentleg opp etter 2021, noko som dels speglar ei fagleg utvikling, dels endring i rammer ved at Noregs musikkhøgskole med forskingssenteret CREMAH meldte seg inn i 2021. Vedlegg 3 gjev oversikt over vitskaplege publikasjonar i 2022. I tråd med at klyngesamarbeidet i aukande grad også omfattar tverrfagleg forskning på musikk og helse i vid forstand, er denne type publikasjonar, t.d. frå Høgskulen på Vestlandet, også inkludert i dette vedlegget.

Vurderingar

2022 var eit godt år med auka aktivitet og styrkt kvalitet når det gjeld søknadar til Polyfons utlysingar. Prossesar som kan kvalitetssikre søknader er etablerte, m.a. gjennom rådgjeving og informasjons- og inspirasjons-webinar. Ikkje alle klyngedeltakarane brukar Polyfons utlysingar av prosjektmidlar like aktivt. For å sikre god, praksisnær og brukarorientert kunnskapsutvikling, vil det vere ønskjeleg å auke forskingsaktiviteten i tenestene ytterlegare.

Når vi ser på indikatordata for publisering, ser vi samstundes at ei utvikling alt er på gong. Det er aukande og høg publikasjonsaktivitet i norsk forskning på musikkterapi / musikk og helse. Publikasjonslista i vedlegg 3 viser at seks av ti klyngedeltakarar er representerte med publikasjonar relatert til dette fagområdet i 2022: *Helse Bergen; Høgskulen på Vestlandet; NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus; Noregs musikkhøgskole (CREMAH); NORCE (GAMUT) og Universitetet i Bergen (GAMUT)*.

Utviklinga er positiv og nært knytt til intensjonen med klyngesamarbeidet. Når både dei akademiske institusjonane og helseføretak og (etter kvart) kommunar publiserer forskning på feltet, vil det kunne styrke både praksisrelevans og brukarmedverknad. Dessutan vert det tverrfaglege samarbeidet og samspelet mellom academia og tenester styrkt.

Vedlegg 3 gjev altså eit oversyn over vitskaplege publikasjonar i klynga i 2022. Den samla aktiviteten er imponerende. Ikkje alle publikasjonane spring direkte ut av Polyfon-samarbeidet, men klynga bidrag til utviklingsøkologien på dette feltet er tydeleg. Det handlar m.a. om a) støtte til utvikling av nye praksisrelaterte prosjekt, b) auka brukarmedverknad i forskning, c) styrkt samhandling mellom academia og tenester, og d) betre tverrfaglege forskingsrelasjonar.

Det er verdt å merke seg at dei indikatordata som er tilgjengelege gir eit bilede av konkret forskingsaktivitet og i mindre grad av klyngas arbeid med å styrke brukarmedverknad, praksisrelevans og tverrfagleg samarbeid. Indirekte vil søknadsaktivitet og publikasjonar likevel gjere det, i og med at brukarmedverknad, praksisrelevans og tverrfagleg samarbeid tydeleg er bakt inn i klyngas retningslinjer for vurdering.



Den årlege Polyfon-konferansen er ein viktig arena for deling og diskusjon av forskning. Her ser vi Christian Gold (NORCE) i sving under konferansen i 2022, under presentasjonen "Medication use in the international MIDDEL trial of music interventions for nursing home residents." Foto: Jonas Johannessen Eian.

3 Utdanning

Klyngas delmål 3, om utdanning, er todelt. Delmål 3a: *Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.* Delmål 3b: *Emne og/eller kurs om MT er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette todelte delmålet i 2022.

Klyngeaktivitet

Etter at Noregs musikkhøgskole meldte seg inn i klynga i 2021, har Polyfon i aukande grad vorte ei kontaktflate mellom dei to norske utdanningane i faget og mellom desse utdanningane og tenestene.

Klynga støttar elles ulike seminar, workshops og etterutdanningsinitiativ, der vi t.d. kan nemne at musikkterapeutane ved Bergen kulturskole i mars 2022 kunne invitere til kreativ og interaktiv stemming-workshop med Katja Gottschewski, med støtte frå Bergen kommune og Polyfon. Katja er ein autistisk musikkterapeut som arbeider ved Lunderød skole og ressurscenter i Arendal. Ho har vore ein aktiv deltakar i det internasjonale autistiske miljøet i over 20 år og held ofte føredrag om autistisk kultur.

Ei ny arbeidsgruppe for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning vart etablert i 2021 og vidareutvikla i 2022, der Monika Overå ved Noregs musikkhøgskole har tatt over leiaransvaret. Lukkast arbeidsgruppa med å påverke musikkens plass i dei aktuelle utdanningane, vil dette ha mykje å seie for framtidige vilkår for tverrfagleg samarbeid og utviklingsarbeid i tenestene.

I 2020 kunne vi fortelje om at UiB for første gong gav tilbod om undervisning om musikkterapi for medisinstudentar. Det medisinske fakultet etablerte då valemnet ELMED230 Musikk og hjernen, som også inneheld ei innføring i musikkterapi. I 2022 vart kurset køyrt for andre gong. Tre ulike fakultet ved UiB var involvert i undervisninga, med tema som musikkpersepsjon, musikk og kognisjon, musikk og emosjon, musikk og nevroplasticitet og ei innføring i musikkterapi. Dette emnet ved medisinstudenter i Bergen peikar framover og bør vere til inspirasjon, både for andre medisinstudenter og for andre profesjonsutdanningar.

I tillegg til å bidra til formaliserte grunnutdannings- og vidareutdanningstilbod, bidreg Polyfon også til ulike etterutdanningstilbod, der den årlege Polyfon-konferansen er den viktigaste arenaen. Konferansen har elles også ein funksjon som vidareutdanning, ettersom Polyfon-konferansen i 2022 (som fleire tidlegare år) vart godkjend med 6 valfrie kurspoeng til vidare- og etterutdanninga for spesialistar innan allmenmedisin og som 6 timar vedlikehaldskurs for psykologspesialistar.



Polyfon-samarbeidet har ein tverrfagleg profil. Are Breen, førsteamanuensis ved Noregs musikkhøgskole og redaktør for Tidsskriftet for Den norske legeforening var ein av dei som bidrog fagleg under 2022-konferansen. Foto: Jonas Johannessen Eian.

Indikatordata

Som indikatorar for delmål 3a, går studieplassar, søkjartal, registrerte og uteksaminerte kandidatar ved dei to norske musikkterapiutdanningane fram av Tabell 3.1.

MT-utdanning på bachelor- og masternivå		2019	2020	2021	2022
Studieplassar	Årseining i musikk og helse, NMH			20	26
	Master i MT toårig, NMH			12	16
	Master i MT femårig, UiB	14	18	18	18
Søkjartal totalt	Årseining i musikk og helse, NMH			108	84
	Master i MT toårig (heiltid), NMH			51	21
	Master i MT femårig, UiB	148	153	129	130
Søkjarar påmeldt oppt.prøve	Årseining i musikk og helse, NMH			ikkje oppgitt	54
	Master i MT toårig, NMH			ikkje oppgitt	15
	Master i MT femårig, UiB	53	40	33	32
Nye studentar registrerte	Årseining i musikk og helse, NMH			20	17
	Master i MT toårig, NMH			26	12
	Master i MT femårig, UiB	16	18	17	16
Uteksaminerte kandidatar	Årseining i musikk og helse, NMH			17	14
	Master i MT toårig, NMH			13	12
	Master i MT femårig, UiB	11	12	5	9

Tabell 3.1: Søkjartal og studieaktivitet for perioden 2019-2022.

Polyfon har samla inn data for NMH sidan 2021. I presentasjon av NMH-tala har vi forenkla bildet noko, ved å slå saman tal for deltid og heiltid. Når det gjeld UiB, er tala relativt stabile, men vi ser at det har vore ein liten nedgang av tal søkjarar frå 2019 til 2022. Tal registrerte studentar gjeld ved studiestart, der studentar både kan kome til og falle i frå i løpet av studieåret.

Som indikatorar for delmål 3b, går tal studiepoeng med undervisning om musikkterapi / musikk og helse i utdanningsemne for ulike profesjonar (grunnutdanning og vidareutdanning) fram av Tabell 3.2:

Studiepoeng, MT / musikk og helse i utdanningsemne for ulike profesjonar		2021	2022
HVL	*Sjuepleie i helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK 157, sjuepleie bachelor HVL Førde)		
NMH		0	
UiB	MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge	5	5
Utdanningsemne i andre profesjonar, tal studentar tatt opp			
HVL	*Sjuepleie i helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK 157, sjuepleie bachelor HVL Førde)	70	
NMH		0	
UiB	MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge	14	11
Utdanningsemne i andre profesjonar, tal studentar uteksaminert			
HVL	*Sjuepleie i helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK 157, sjuepleie bachelor HVL Førde)		
NMH		0	
UiB	MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge	13	9

Tabell 6.3: Tal studiepoeng med undervisning om musikkterapi / musikk og helse i utdanningsemne for ulike profesjonar i 2021 og 2022. Indikatoren er under utvikling.

Vurderingar

Når det gjeld delmål 3a, viser indikatordata at det er ei utfordring å få opp søknaden til utdanningane i musikkterapi. Det er førebels ikkje nokon tydeleg effekt av at det dei siste åra har vore ei god utvikling i musikkterapitenester (kapittel 1), meir forskingsbasert kunnskap (kapittel 2) og meir kjennskap til musikkterapi i samfunnet (kapittel 4). Det er nærliggjande å anta at dette bør auke rekrutteringa til musikkterapistudiet på sikt, men slik effekt er altså førebels ikkje dokumentert.

Skal Polyfon nå sitt mål om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for alle som ønskjer og treng det, må talet på søkjarar til musikkterapistudiet opp. Dette er difor ein viktig tematikk for kunnskapsklynga å følge opp. Ein bør sjå på om ein kan finne nye måtar å nå ut til potensielle søkjarar på.

Når det gjeld indikatoren for delmål 3b, så er denne under utvikling. Relevansen vil m.a. vere avhengig av kva initiativ den nyetablerte arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning vil ta og få gjennomslag for.

Som det går fram av avsnittet om Klyngeaktivitet over, arbeider Polyfon også med kvalitet i utdanning som ikkje kjem fram av indikatordata, som utvikling av faglege kontaktflater mellom utdanning og praksis.



Musikkterapistudentane ved NMH og UiB er både dyktige og engasjerte, men det kunne gjerne ha vore fleire av dei. Bildet viser studentar i sving under Polyfon-konferansen 2022. Foto: Jonas Johannessen Eian.

4 Formidling

Klyngas delmål 4, om formidling, er: *Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs*. I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2022.

Klyngeaktivitet

Polyfon deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, gjennom ulike typar aktivitet:

Då Polyfon vart etablert som prosjekt i 2015, var det med ei nettsideløysing som ein del av forskingssenteret GAMUT si nettside. Etter at klynga i januar 2022 vart ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur, var ikkje dette lenger ei tenleg løysing. I april 2022 kunne vi lansere [Polyfons nye nettside](#). Kommunikasjonsseksjonen ved KMD og UiBs sentrale kommunikasjonsavdeling var til stor hjelp i oppbyggingsfasen. Meir enn før kan nettsida no synleggjere ulike aspekt av klyngeaktiviteten. Det vert også nye mogelegheiter for å byggje opp ressursider av ulike slag.

[Kunnskapsbeskrivingane](#) på GAMUT si nettside spring ut av Polyfons samarbeid med tenestene og er utvikla etter initiativ frå Polyfon og med støtte frå Polyfon. I dialog med GAMUT, vil desse gradvis verte overførte til Polyfons nettside. Kunnskapsbeskrivingane skal gje oppdatert informasjon om kunnskapsgrunnlag, arbeidsmåtar og brukarerfaringar innan ulike praksisfelt.

Bulletengen [Polyfon-nytt](#) kom i 2022 ut med 4 nummer. Tidlegare år har vi gitt ut mellom 4 og 7 nummer. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga.

Det har i 2022 som tidlegare år også vore aukande aktivitet blant fleire av klyngedeltakarane når det gjeld spreiring av informasjon om musikkterapi på sosiale medium. [Polyfons Facebook-side](#) hadde som tidlegare år høg aktivitet, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi informasjon om praksis, forskning, utdanning og arrangement. Ein eigen [Instagram-konto for Polyfon](#) er også etablert, men førebels mindre utvikla.



Podkasten [Musikkterapodden](#) vart etablert i 2020, med støtte frå Polyfon. Podkasten har lagt vekt på å få fram breidda i feltet og har utvikla seg til ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi. Fleire nye episodar kom til i 2022.

Polyfon deltok i 2022 i eit nasjonalt spleiselag for finansiering og produksjon av 6 nye informasjonsseriar om musikkterapi, psykisk helse og rus. Filmene er å finne på [Polyfons YouTube-kanal](#).

[Polyfon-konferansen](#) er ein årleg møteplass for inspirasjon, kunnskapsformidling og erfaringsdeling. Polyfon-konferansen 2022 vart arrangert tysdag 8. november på Campus Kronstad, HVL, med temaet [Musikk, mening og medisiner](#). Konferansen vart støtta økonomisk av GC Rieber Fondene.



Musikken er ein viktig del av Polyfon-konferansane. Her ser vi Sergej Tchirkov, ph.d.-kandidat ved Griegakademiet, under 2022-konferansen si opning. Foto: Jonas Johannessen Eian.

Indikatordata

Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi i sosiale medium og på viktige offentlege nettsider går fram av Tabell 4.1.

Tal for ulike typar oppslag om musikkterapi		2019	2020	2021	2022
Polyfons Facebook-side	Likarklikk side	2047	2407	2734	2932
	Følgjarar side	2073	2481	2839	3050
Polyfons Instagram-konto	Følgjarar konto	-	-	-	280
Akkumulert tal oppslag om MT på utvalde offentlege nettsider	bufdir.no	1	2	3	3
	helsedirektoratet.no	7	11	12	13
	stortinget.no	53	55	56	56

Tabell 4.1: Tal oppslag om musikkterapi på sosiale medium og på utvalde offentlege nettsider.

Vurderingar

Det er stor breidde i klyngas formidlingsaktivitet. Tilgjengelege indikatordata viser utvalde aspekt av dette. Når det gjeld sosiale medium, så veks tala for likarklikk og følgjarar på Polyfons Facebook-side år for år, om ikkje i eit høgt tempo. Polyfon har etablert seg med den største Facebook-sida i Noreg når det gjeld informasjon om musikkterapi. Det er vanskeleg å vite kor langt denne type informasjonsarbeid når, men tilbakemeldingar tyder på at Facebook-sida er med på å skape interesse for og kjennskap til musikkterapi. Det er likevel grunn til å tru at sida ikkje når særleg langt ut til ungdom som vurderer å søkje studiet (jf. kapittel 3). Når klynga får kapasitet til det, vil det truleg gje auke gjennomslag om ein også maktar å vere meir aktiv på andre sosiale medium, som t.d. Instagram.

Samfunnseffekten av oppslag i sosiale medium – og sjølvstøtt og i aktuelle redaktørstyrte medium – kan til dels lesast ut av tal oppslag om musikkterapi på nettsidene til offentlege instansar som Bufdir, Helsedirektoratet og Stortinget. Desse tala aukar framleis temmeleg sakte. Det kan vere ulike grunnar til dette. At det t.d. ikkje var nokon nye saker om musikkterapi på Stortinget i 2022 er kanskje ikkje så uventa etter pandemi, straumkrise og krig i Ukraina, men det er likevel grunnar til å sjå nærare på korleis Polyfon kan bidra til større gjennomslag for musikkterapi i det offentlege Noreg.

